

Retningslinjer for Kulturstøtte i Hjelmeland kommune

(Desse retningslinjene blei vedtekne av kommunestyret 6. april 2022. Dei erstattar tidlegare ordningar med Frivilligfondet og generelle kulturmidlar, jamfør kommunestyrevedtak 16. desember 2021)

1. Føremål

Føremålet med kulturstøtte er å stimulera til allsidige kultur- og fritidstilbod for innbyggjarar i heile Hjelmeland kommune. Kulturtilboda skal vera for folk i alle aldrar, men tiltak og aktivitetar for barn og unge er særleg prioriterte.

2. Løyving til kulturstøtte

Kommunestyret vedtek kvart år kor mykje som skal løyvast til kulturstøtte i budsjettet for neste driftsår.

3. Kven kan søka om kulturstøtte?

Alle frivillige lag og organisasjonar som har lokal tilknytning og driv si verksemd i kommunen kan søka om kulturstøtte. Søkarane må arbeida etter demokratiske prinsipp og vera opne og inkluderande, og dei må ha ei verksemd som skaper lokal aktivitet. Laget som søker om støtte må vera ansvarlege for tiltaket det blir søkt om. Kommersielle tiltak får ikkje støtte.

4. Kva tiltak kan få kulturstøtte?

Kommunen kan gje kulturstøtte til oppstart eller ordinær drift av lag, til tidsavgrensa tiltak, arrangement eller aktivitetar, til kurs og opplæring og til opprusting eller investering i anlegg og utstyr. Det blir mellom anna lagt vekt på medlemstal, aktivitetsnivå og alder på medlemmar når kulturstøtte til ordinær drift skal fordelast.

Lag som har faste avtalar om støtte til ordinær drift (til dømes idrettslag, bygdaråd, samfunnshus), kan søka om kulturstøtte til andre tiltak og formål på linje med andre lag.

5. Krav til søknad

Søknaden må skildra målet med tiltaket det blir søkt om støtte til, kven som er målgruppa, ein plan for gjennomføringa og ein plan for finansieringa. Det er laga eige skjema som skal brukast når det blir søkt om kulturstøtte. Planar, teikningar, illustrasjonar og anna som kan skildra tiltaket det blir søkt om må gjerne leggest ved.

6. Krav til rapportering

Det skal sendast rapport til kommunen når tiltak som får kulturstøtte er gjennomførde. Det er laga eige skjema for rapportering. Rapporten må gjerne innehalda bilete, avisutklipp eller anna som viser korleis tiltaket er gjennomført. Rapporten skal sendast innan tre månadar etter at tiltaket er gjennomført.

For lag som har fått støtte til ordinær drift, er årsmelding god nok dokumentasjon. Årsmeldinga kan leggest ved søknad om kulturstøtte i påfølgande år.

7. Søknadsfristar

Søknadsfrist for kulturstøtte er 1. april kvart år. Kulturstøtte blir betalt ut i løpet av april. Rådmannen legg fram eit oversyn over utbetalt støtte for kommunestyret saman med første tertialrapport.

Inntil 40 prosent av summen kommunestyret har sett av til kulturstøtte, skal haldast att ved tildelinga i april og brukast til nye tiltak og behov som dukkar opp gjennom året. Rådmannen tildeler slik støtte gjennom egne vedtak i kvart tilfelle. Støtta skal gå uavkorta til lag og organisasjonar.

Om det er pengar att i slutten av året, blir det lyst ut ein ekstra runde med tildeling av kulturstøtte i desember.

8. Kriterium for fordelinga av kulturstøtte

Minst 60 prosent av den totale summen for kulturstøtte skal om mogleg betalast ut etter hovudsøknadsrunden i april.

Ein søker kan maksimalt få tildelt 10 prosent av totalsummen til kulturstøtte i eit kalenderår, fordelt på eitt eller fleire tiltak.